

Sakspapir

| | | |
|--------------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
| Anneli Vatile Lilletvedt | FE-033 | 19/143 |

| | | | |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 030/2019 | Kommunestyret | PS | 13.06.2019 |

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 030/2019

KS - behandling:

Margrethe L Kvamme orienterte om status for pleie og omsorg.

Janne Eraker frå Nordhordland Revisjon IKS orienterte om status knytt til å prosess for korleis revisjonstenesta Modalen kommune er ein del av skal sjå ut framover. Det vart anbefalt frå arbeidsgruppa å slå saman Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og NH rev. til **Vestlandsrevisjon IKS** med oppstart hausten 2019. Selskapsavtale skal utarbeidast for slikt interkommunalt selskap (IKS) og kvart kommunestyre må gjere vedtak om deltaking.

Kjetil Eikefet orienterte om DIVA - driftselskapet for vatn og avlaup IKS - kompetansesenter. Plan om å omgjere denne til AS - samt inkludere fleire kommunar. Sak kjem til kommunestyrehandsaming seinare.

Sigmund Vikane: Ny kommunelov frå 2020. Det inneber ny forskrift for kontroll og revisjon. Dette vil komme meir informasjon om i samband med innføring av ny kommunelov. Aktuelle punkt: utvida tal medlemmar frå 3 til 5 i kontrollutvalet, det skal utarbeidast budsjett for kontrollutvalet, skal ha eit sjå-til-ansvar (påpeike det som er ute av kurs).

Status nytt nærings- og tenestesenter, orientering v/ teknisk sjef Tone S. Skuggevik.

Anbuds konkurrans for prosjektleiar gjennomført i april. No er prosjektleiar på plass: Forum arkitekter v/ Steinar Barmen. Tone viste til mindre bygningsmessige endringar / planskisser; enklare trapp til 2. etg., to tilsettkontor på kyrkjekontordelen. Gjekk kort gjennom vidare framdriftsplan. Sigmund Vikane stilte spørsmål om det er nok garderobeplass i samband med store arrangement.

Administrasjonen tar med dette innspelet i planlegginga vidare.

Status rassikring v/ fotballbana v/ rådmannen. Bana kan opnast mellombels inntil permanent løysing er på plass. Løysinga vert å setje opp fangnett. Geolog har vurdert at det er trygt å opne bana, men har forbehold om at dagar med sær s mykje regn bør ein ikkje nytte ho. Venter no på teikingar/plan for stolpar og nett.

Nasjonal ramme for vindkraft: Administrasjonen utarbeider sak - utan forslag til høyringsuttale - til kommunestyremøtet 5. september. Fint om forslag til høyringsuttale/vedtak kan utarbeidast politisk i forkant slik at desse føl sakspapira i forkant av møtet.

Spørsmål frå Håvard Engeseth om vasskvalitet i Modalen. Teknisk sjef, Tone S. Skuggevik, orienterte kort om drikkevass-situasjonen i Modalen, inkl. interkontroll + beredskapsplan. God vasskvalitet i Modalen. Prøver vert tatt kvar mnd. i tråd med program.

Ann-Jorunn Farestveit: Spørsmål knytt til sak kor Otterstadsida skulle tilbakeførast LNF-område.

Teknisk sjef / rådmannen vil komme tilbake med meir opplysingar/sak.

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering